

BEFARINGRUTE – BEKKEKLØFT – FOSSESPRUTSONE

Befaringsruta den 20.09.2012 (sjå fig 8, s.11 i MultiConsult sin rapport) viser at ein knapt har undersøkt bekkekløfter langs vassdraget (pga. vær/stor vassføring). Befaringsruta i 2004 er ikkje vist.

Ein har vore bortom Vikafossen på berre ein stad, dessutan gått langs elva ovanfor fossen. Områda der dei største fysiske inngrepa kjem, er ikkje undersøkt. Det går fram av siste avsnitt på s. 17 i rapporten. Det er truleg at også dette området har rik edellauvskog – nasjonalt ein sjeldan naturtype.

Vikafossen har øvst form som ei kløft, med fast fjell på begge sider. Den nedste delen av fossen deler seg i fleire løp gjennom ei ur, til dels med store steinar lengst oppe. Ura har form som ei rasvifte. Fossefallet går difor gjennom ei bekkekløft og ei ur. I området er det frodig plantevekst med skog. Denne er ikkje undersøkt nede i rasvifta.

Deler av denne ura/rasvifta er i Økonomisk kartverk (1972) avmerka med Høg bonitet for skog. Det same gjeld lengst vest i utbyggingsområdet, avsett til Riggområde.

Boniteten her er like bra som i dei registrerte områda for Rik edellauvskog på begge sider av Laukelandsfossen, men areala er mindre.

I vernesamanheng er bekkekløfter (s.163 i Handbok 13 for naturtypekartlegging) gjeve stor merksemd nasjonalt, med systematiske undersøkingar med påfylgjende oppretting av naturreservat. Då vert det spesielt merkeleg at den biologiske undersøkinga i konsekvensvurderinga ikkje omfattar ei systematisk synfaring av bekkeleiet. Her kan det være viktige førekomstar som ikkje er funne, og som er avhengig av eit slikt høgt fuktnivå som berre ei urørd vassføring kan gje. Befaringsruta fylgjer turstien som på berre få strekningar har nær kontakt med elva.

Det biologiske mangfaldet i bekkekløfter er gjerne knytta til nakne berg, rasmarker, og til spesielle livsmedier som gamle tre og død ved.

Fig. 10 syner at området består av forvittringsmateriale og skredmateriale.

Under pkt. 3.2.2. Områdebeskrivelse, framgår det at

«nederst langs fjorden er det innslag av grønnstein/grønnskifer, som er en bergart som forvittrer lett og som avgir mer plantenæringsstoffer. Potensialet for basekrevende arter er da større i dette området.».

Samanheldt med at dette er i ei sørboreal vegetasjonsone med både vestlege og østlege artar, må det gjennomførast ei grundig kartlegging av fossesprutsoner og bekkekløfter i det 1,5 km lange elveløpet som er planlagt regulert. Også fordi Fossedalsfossen like nedanfor vassinntaket, kan vere ei slik sone.

Konklusjonen av MC s. 17 om at det er lite potensial for funn av rødlisteartar, kan difor dragast i tvil. (*«Det vurderes å være lite potensial for funn av vassdragstilknyttede rødlistearter av moser, lav og karplanter, siden elvekanten domineres av svaberg og stor stein som ligger eksponert til for flom (se figur 11 og 12).»*)

Det er gjort nye funn av rødlistearter og naturtyper i samband med andre konsekvensvurderingar. Nye data er ikkje lagt til den nasjonale databasen «Naturbasen». Rik edellauskog er ein av naturtypene som er nemnd på s. 18 i rapporten og vist i fig. 39. Den næraste ligg ved Eikeskora, kalla «Laukelandsfossen vest».

Det verkar merkeleg at rapporten ikkje vurderer naturtypen "Fossesprøytsone E05 (s.117 i Handbok 13). Elveløp har kategorien NT (nær trua) i "Norsk rødliste for naturtyper 2011". Spesielt er fossesprøytsone trua av vasskraftutbygging.

Iflg. Miljøfaglig Utredning sin rapport av 2004; «Biologisk mangfold i Askvoll kommune», er det behov for nye undersøkingar før det biologiske mangfaldet er godt nok kartlagt, idet ei systematisk kartlegging ikkje er gjort. Sjå kap 7.

I Regional plan med tema knytt til vassdragsutbygging, vedteken av fylkestinget i SFj i 2012, er dette temaet omtala i kap 2.2.2 s. 17:

«Bekkekløfter og fossesprøytsoner, jamfør boks 2.2.3, er naturtyper som er særleg utsette ved bygging av vasskraftverk. Fossesprøytsoner er svært avhengig av vassføringa i elva.» og «Der slike elvestrekningar vert påverka er det alltid eit spørsmål om rest- og minstevassføringskrav kan vere akseptable avbøtande tiltak, eller om naturtypen har så stor verdi at den bør ha eit naturleg vassføringsregime. Dessverre har vi liten oversikt over kvar vi finn dei mest verdfulle fossesprøytsone og bekkekløftene.»

Under kap. 4.1 Statlege retningslinjer for vasskraftutbygging i same dokumentet finn vi Om Fjordlandskap, at

« Inngrep som medfører bortfall eller vesentlig reduksjon av dominerende landskapselementer, for eksempel fosser i fossefjordlandskap, bør som hovedregel unngås. «

Og vidare i kap. 4.3 Fylkeskommunale retningslinjer for vasskraftutbygging: om Biologisk mangfald:

Naturtyper

8. Fossesprøytsoner og bekkekløfter med stor verdi (A), samt villreinområde, skal ha prioritet 1.
9. Fossesprøytsoner og bekkekløfter som ikkje er undersøkt skal ha prioritet 1, inntil eventuell undersøking klargjer verdi.

Vi syner og til NINA-rapport 738: «Naturfaglige registreringer av bekkekløfter i Norge Sammenstilling av registreringene 2007–2010 «

der det i Vedlegg 1, s. 195 ff.: Oversikt over kartlagte områder; går fram at det var kartlagt berre ein lokalitet i Fjaler og ein i Gaular pr. 2010. Ingen i Askvoll. Av totalt 42 i fylket, av desse 38 med registrert naturverdi.